



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Daniel Almhjell, 5557 2150

Uttale til søknad om nydyrkning på gbnr. 217/1 i Alver kommune

Vi viser til søknad om nydyrkning av 25 dekar på gbnr. 217/1 i Alver kommune. Arealet som skal nydyrkast er klassifisert som innmarksbeite og skal nydyrkast til fulldyrka jord. Arealet skal nyttast til grovfôrproduksjon.

Ifølge § 1 i forskrift om nydyrkning skal nydyrkning gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggast vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggast vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingsstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar. Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkninga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 forskrift om nydyrkning.

Når det skal gjerast vedtak om dette må tiltaket først vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 (jf. naturmangfaldlova § 7).

Det aktuelle arealet grensar opp mot Romarheimselva. Kommunen må vurdere korleis avrenning frå landbruksarealet til Romarheimselva kan unngåast. Dette gjeld både i ei anleggsfase, og i ei seinare driftsfase (gylle, kunstgjødsel mm).

Vi minner om § 6 i forskrift for nydyrkning som seier følgjande:

«Ved nydyrkning skal det settast igjen ein vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årsikker vassføring skal sonen vere minst 6 meter målt ved normal vassføring».

I vassressurslova er det og føringar som gjeld kantvegetasjon langs vassdrag. Vassressurslova § 11: "Langs bredda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr".



Denne loven spesifiserer altså ikkje kor breitt det naturlege vegetasjonsbeltet skal være, men legg ein økologisk funksjon til grunn: «Beltet skal være tilstrekkeleg breitt til at det «.. motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr».

Om det naturlege vegetasjonsbeltet langs vassdraget er breiare enn 6 meter, og dette beltet er naudsynt for å ivareta den økologiske funksjonen til kantsona, kan det vere aktuelt for kommunen å fastsette ei sone/delområde med kantsone som er breiare enn 6 meter, med heimel i vassressurslova.

Vi ser at terrenget skrånar ned mot elva i dette tilfellet, og det er difor ønskjeleg at det blir gjort ei vurdering av kor breitt det naturlege vegetasjonsbeltet mot vassdraget skal vere for at det skal motverke avrenning frå nydyrkingsfeltet til vassdraget. Breidda kan settast av Alver kommune, eller spesifiserast i planer etter plan- og bygningsloven.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær
assisterande landbruksdirektør

Daniel Almhjell
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent